



Tore Mathisen og Jon Harald Kjærland syner stolt fram utstyret som skal brukast i Hobbyklubben med konfirmantane som målgruppe for eit lyd- og biletprosjekt.

Hobbyklubben er eit barne- og ungdomstilbod på Bedehuset med samling 2. kvar veke på måndagar. Det vert i desse dagar førebudd eit nytt tiltak med konfirmantane som målgruppe. Det er eit lyd- og biletprosjekt med framsyning og premiere våren 2018. Det er gjort innkjøp til ein verdi av kr. 40.000,- av nudsynt utstyr. Droneutstyr er ein del av den totale pakken.

Konfirmantane vert invitert til å ta del i lydopptak, miksing, filming og presentasjon. Men før det må det lagast manus og dreiebok. Tore Mathisen, som er leiar for Hobbyklubben, har ideen og er inspirert av kva ungdommen kan få til når det føreligg ein god plan og godt utstyr.

Hobbyklubben har i dag tre aktivitetsgrupper. Det er matgruppe, hobbygruppe og avisgruppe. Vi kjenner alle avisgruppa som gjer eit stort arbeid med å få ut Uskedalsposten to gonger i året.

Utstyret som er kjøpt inn til Lyd- og biletprosjektet er: Høgtalarar med innebygde forsterkarar, miksebord, videoutstyr, mikrofonar, stativ og kablar. Tore Mathisen har sjølv laga kassen til miksepulten. Innkjøpet har ein samla verdi på kr. 40.000,- Søknad til Indremisjonsforbundet sine ungdomsmidlar sentralt gav ei støtte på kr. 20.000,- Resten er egne midlar.

Då er det berre å gle seg til kva konfirmantane 2017/2018 kan få til med redigering og produksjon av film og lyd.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal